

# MØTEBOK

## HALLINGTINGET

**TID:** 30. november 2007

**STAD:** Nes, Næringstunet



**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte på Hallingtinget :

Erik Kaupang, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Halvard Lilleslett, Hol kommune	Olav Støyten, Hemsedal kommune
Maria Sønndrål Wick, Hol kommune	Odd Holde, Hemsedal kommune
Tony Arild Kjøl, Hol kommune	Tove Eggen Lien, Hemsedal kommune
Siren Hamre, Hol kommune	Helene Sagabråten, Hemsedal kommune
Torleif Dalseide, Ål kommune	Gerd Eli Berge, Nes kommune
Ivar Brevik, Ål kommune	Eva Bjørg Haugen, Nes kommune
Harald Varlid, Ål kommune	Ingunn Fagermoen, Nes kommune
Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune	Nils Rodegård, Nes kommune
Inger Elise Kaslegard, Ål kommune	Bjørn Skjelseth, Nes kommune
Olaug Grønseth Granli, Gol kommune	Tor Egil Buøen, Flå kommune
Kåre Olav Solhjell, Gol kommune	Ole Johnny Stavn, Flå kommune
Halvor Lilleslett, Gol kommune	Steinar Steinarson, Flå kommune
Tore Dag Skjerdal, Gol kommune	Betsy Grøslandsbråten, Flå kommune
Rolf Dencker, Gol kommune	

**Av rådmennene møtte:** Trond Kleppen, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Gabriel Johannessen, Hemsedal kommune, Fred Arne Kramer, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Terje Moen.

---

Rådsordførar Oddvar Grøthe opna møte og heldt ei kort orientering om intensjonane med det interkommunale samarbeidet i Hallingdal.

### **SAK 06-07 STRATEGISK PLAN, HANDLINGSPROGRAM OG ORIENTERING OM PÅGÅANDE ARBEID I REGIONRÅDET**

Dagleg leiar orienterte om ein del av arbeidet i Regionrådet, med vekt på rekruttering og veg. Presentasjon er lagt ved møteboka.

### **SAK 07/07 BERGENSBANEN – STATUS OG TILTAK FOR Å REALISERE FRAMTIDAS BERGENSBANE**

Thoralf Otneim, seksjonssjef i Jernbaneverket Region vest, orienterte om status for Bergensbanen, utfordringar og aktuelle prosjekt. Presentasjon er lagt ved møtebok.

Ny leiar i Forum Nye Bergensbanen (FNB), ordførar Torleif Dalseide, orienterte om FNB og planar for intensivering av arbeidet, m.a. med å tilsetja eigen prosjektleiar i eit 2-årig engasjement (vedlegg til saka).

T. Dalseide orienterte og om høgfartsutgreingane og aktuelle traseval (sjå vedlegg).

### **SAK 08-07 ORIENTERING OM NORGES FRILUFTSHØGSKOLE**

Prosjektleiar Annelin Henriksen orienterte om planane for ei ny profesjonshøgskule for utdanning av guidar/rettleiarar, vertskap og tilretteleggarar med natur- og kulturlandskapet som arbeidsplass.

Hovudbase er planlagt i Hemsedal med kystbase på Sunnmøre, i verdsarvkommunane Norddal og Stranda.

Presentasjon er lagt ved møteboka.

### **SAK 09-07 ÅRSBUDSJETT FOR 2008 OG ØKONOMIPLAN OG HANDLINGSPROGRAM 2008 – 2011**

#### **Vedtak**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2008, med ei kommunal finansiering på kr. 1.000.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 400.000 for 2008, frå kommunane i Hallingdal.
3. Med bakgrunn i vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal, vedtek Hallingtinget forslag til økonomiplan 2008 – 2011

### **SAK 10/07 VILJESERKLÆRING**

#### **Vedtak**

Hallingtinget vedtek følgjande endringar i viljeserklæring:

- §6 blir endra til:  
Regionrådet for Hallingdal skal vera orientert om interkommunalt samarbeid, der alle kommunane deltek.  
Regionrådet skal ha melding om både fast etablerte tiltak og prosjekt.
- §7 blir endra til:  
Regionrådet skal kvart år leggja fram for Hallingtinget ei oversikt og evaluering av interkommunale samarbeidstiltak, som Regionrådet har ansvaret for.

Viljeserklæring (vedlagt) vart underskreve av medlemmane i Hallingtinget.

Ål 3.12.2007

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Presentasjon sak 06-07, Knut Arne Gurigard
- Presentasjon sak 07-07, Thoralf Otneim
- Presentasjon sak 07-07, Torleif Dalseide
- Presentasjon sak 08-07, Annelin Henriksen